

Campusmøte HVL-Sogndal

Dato: 13. januar 2026

Stad: Rom Keisarinna, HVL Sogndal

Til stades i romet: Sigurd Sandvold (leiar); Sandra Opheim; Frode Fretland; Alexander Dalseth Bruvik; Joakim Øyen; Janniche Øyen, Tarald Seldal og Hans Jakob Reite (sekretær).

På nett: Roger Henning Normann; John Tveit; Øyvind Midtbø Berge (halve møtet) og Bjarte Håvik.

Forfall: Deta Gasser.

Overskrift 1

Brødtekst

Saksliste

Sak 1/26: Opprop og kort velkomst v/Sigurd Sandvold.

Mandatet ligg her: [nytt-mandat-for-campusmote.-17.-april-2024.pdf](#)

Sak3/26: Samskaping i Sogn – også opp mot Artemis v/Ellen Eimhjellen Blom

Prosjektet (sjå vedlegg) er eit resultat av campusutviklingsprosjektet. Det er avgjerande viktig med lokalt engasjement. Noko av innhaldet har vi løysingar for allereie i dag. Prosjektleiar Ellen Eimhjellen Blom tek rapporten vidare til Øyvind Midtbø Berge for naudsynte avklaringar.

Sak 4/26 HVL i ny åremålsperiode – Sigurd Sandvold orienterer om endringer i leiarstillingar

- Øyvind Midtbø Berge (ny) er prorektor for nyskaping og regional utvikling. KI/digitalisering og innovasjon ligg no til denne stillinga - medan EVU er flytta til prorektor for utdanning.
- Roger Henning Normann (ny) er prodekan for innovasjon og regional utvikling ved FTMS.
- Bjarte Håvik (ny) er prodekan for samhandling ved FHS.
- Sigurd Sandvold held fram som prodekan for samhandling ved FLKI.

Sak 5/26: Orienteringssaker

A: Korleis jobbar vi i Campusmøtet framover? Det vil verte drøftingar utover våren, og det vil verte lagt fram ei sak om justeringar i mandat og arbeidsmåtar.

B: Plassering av Læringslaben: Leigekontrakten mellom HVL og Fosshaugane AS vert nedjustert på areal. Det vert ons 28. januar synfaring for å utgreie ny plassering for Læringslaben på Høgskulebygget.

C: Tiltaket med eiga arbeidsgruppe på «Aktiv læring som profil ved campus Sogndal» går ut. Sjå vedlegg frå Tone Skjerdal. Aktiv læring som profil er framleis forankra i campusmøte, i det føregåande campusprosjektet og i pedagogisk praksis ved utdanningane i Sogndal.